

PROTOKOLL

Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS

Møte: 2-2016

Tid: Fredag 2. desember 2016 kl. 10:00 - 11:00

Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS, møterom

Til stades:

Ordførar:	Karstein Totland, Jon Askeland, Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll, Øyvind H. Oddekalv, Stian Herøy, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes
Rådmenn:	Ørjan Raknes Forthun
Styret RNHI:	Håkon Matre
RNHI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Tom Kristian Thorsen

Sak 9/16	<p>Godkjenning møteinnkalling og saksliste</p> <p>Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent.</p>
Sak 10/16	<p>Val av to representantar i tillegg til leiar for underskriving av protokoll Astrid Aarhus Byrknes og Øyvind Oddekalv vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.</p>
Sak 11/16	<p>Godkjenning møteprotokoll Representantskap 1-2016</p> <p>Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskap 1-2016 vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 12/16	<p>Val av styremedlem til RNHI – 2017 – 2018 (vedlegg) Etter selskapsavtalen sit styret to år om gongen. Sitjande styre vart oppnemnt for perioden 2015-2016. Det skal derfor veljast nytt styre. Styremedlem Anne-Grete Strøm-Erichsen ynskjer å gå ut av styret. Dei andre styremedlemmene har stilt seg til disposisjon for ny periode.</p> <p>Valnemnda sitt framlegg til nytt styre for 2017-2018 er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Håkon Matre, styreleiar • Torbjørn Nævdal, nestleiar • Rita Tveiten, styremedlem • Steinar Hunskaar, styremedlem • Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet vel følgjande styre for 2017- 2018:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Håkon Matre, styreleiar • Torbjørn Nævdal, nestleiar • Rita Tveiten, styremedlem • Steinar Hunskaar, styremedlem • Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem

<p>Sak 13/16</p>	<p>Fastsetjing av godtgjersle til styret (vedlegg) Valnemnda føreslår at satsane for styrehonorar for 2017-2018 vert vidareført slik dei er i dag.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styreleiar: kr 50 000 • Nestleiar og medlem: kr 25 000 <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta, vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p> <p>Samrøystes vedtak: Satsane for styrehonorar 2017-2018 vert sett til:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styreleiar: kr 50 000 • Nestleiar og medlem: kr 25 000 <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta, vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p>
<p>Sak 14/16</p>	<p>Status for byggjeprojektet Styreleiar orienterte kort om prosjektet før dagleg leiar hadde ei grundig orientering om status i byggjeprojektet.</p> <p>Når forprosjektet er ferdig, vil det ligge føre ein meir detaljer kalkyle for prosjektet. Det vil påverka behovet for å endra låneramma. Det vil då vera naudsynt at Representantskapet vedtek ei ny låneramme som så igjen må godkjennast av eigarkommunane. Det vil derfor bli kalla inn til eit nytt møte i Representantskapet i februar/mars månad der revidert budsjett og låneramme vert tema.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet tar gjennomgangen av status for byggjeprojektet til orientering og tar til etterretning av det vil vera behov for eit møte i Representantskapet når ein oppdatert kalkyle for prosjektet ligg føre.</p>
<p>Sak 15/16</p>	<p>Godkjenning av budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 for RNHI</p> <p>Styret sitt forslag til vedtak i representantskapet: Representantskapet godkjenner framlagt budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020. Budsjettet og økonomiplanen baserer seg på føresetnadar som låg til grunn ved styrehandsaming. Dette vil bli endra etter at forprosjektet er ferdig og kommunane har handsama ny investeringsramme.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner framlagt budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020.</p>

Knarvik, 2. desember 2016

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS

Astrid Aarhus Byrknes

Astrid Aarhus Byrknes
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS

Øyvind H. Oddekalv

Øyvind H. Oddekalv
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS